

Om du vil, er det ikkje så mykje som skal til



ENGASJERTE: F.v. Tore Skarstein (kokk), Lina Hanetz (klinisk ernæringsfysiolog) og prosjektleiar Marit Hjortung i Matgledekorpsset Vestland brenn alle for å auke statusen til måltidet. Foto: Dag Frøyen

Firdaposten, ved [Dag Nesbø Frøyen](#) 22.11.21 kl. 19:00

Å løfte måltidet har mykje føre seg for eldre som bur heime eller på institusjon. No skal eit Matgledekorps får kommunane til å gå i takt.

Statsforvalteren i Vestland har på oppdrag av Landbruks- og matdepartementet etablert eit matgledekorps. Dette korpset har fem representantar med ulik kompetanse og skal inspirere til betre mat- og måltidsglede for eldre som bur heime eller på institusjon.

For dette har noko føre seg viser det seg. Legg ein vekt på ramma kring måltidet viser statistikk at både trivselen og appetitten til dei eldre aukar.

Det er seks slike korps i landet og Matgledekorpsset Vestland består av Marit Hjortung (prosjektleiar), Tore Skarstein (kokk), Beate Helland (sjukepleiar), Lina Hanitz (klinisk ernæringsfysiolog) og Elfrid Håheim (dagleg leiar på Gloppen frivilligsentral).

Vi møtte tre av dei måndag i Florø der dei møtte tilsette i Kinn kommune for å fortelje om korleis dei meiner ein kan løfte måltidet. For det viser seg at med litt tilrettelegging kan ein traust frukost eller kveldsmåltid bli eit høgdepunkt for dei eldre

Stoltheit

Målsettinga deira er å skape stoltheit for måltidet, redusere matsvinn og bruke av lokale og regionale råvarer. Brukarinvolvering er også eit område det blir arbeida med. For potensialet til å gjere måltidet til ein sosial arena, ein møteplass og ein trivselsaktivitet er høg. Men då må ein kunne tenke heilskapleg.



RAMMA: Marit Hjortung til venstre og Lina Hanetz stiller opp for fotografen og viser at oppdekkinga ikkje er uvesentleg skal ein sette seg til bords. Foto: Dag Frøyen

For dei kommunalt tilsette som møtte Matgledekorpsset måndag var tydelege. Det er lite med tid til å løfte måltidet i ein arbeidsdag der mange eldre skal stellast. Det krev ressursar. Ressursar dei ofte opplever at dei ikkje har.

Dette er utfordringar Matgledekorpsset er klar over. For deira intensjon er å forankre ønsket om å heve måltidet sin status både blant kommunalsjefane og leiarane, men også ute blant dei tilsette som skal gjere jobben. Og i Kinn er dette eit fokus dei har hatt ei tid.

Det var på desse tider i fjor at helse- og omsorgsminister Bent Høie meinte Kinn kommune er eit døme til etterfølging fordi dei har brukarperspektivet med heile vegen. Kinn kommune fekk då Leve Heile Livet- prisen for 2020.

Kinn først ute

– Dette er heilt sentralt i det vi jobbar med, seier Jorunn Bakke Nydal. Ho jobbar i staben til Norunn Stavø, kommunalsjef helse og velferd. Her er dei planmessige i måten dei set fokus på måltida i kvardagen. Dei har mellom anna starta eit prosjekt dei kallar «Det kongelege måltid». Dette har vore ein suksess. Det omhandlar ikkje maten, men ramma kring den. Dei nyttar kvite dukar, levande lys og serviettar for å heve ramma. Det krev ikkje mange minuttar ekstra for dei som skal legge til rette.

– Det er viktig å gjere noko med kvardagsrutinane, for det er her vi kan hente gevinsten, seier Tore Skarstein.

Han jobbar som kokk i Bordgleder i Kinn i tillegg til å vere del av Matgledekorpsset. Og gevinstane kan ein hente på ulike felt. Den kliniske ernæringsfysiologen i korpsset, Lina Hanitz forklarar at det blant eldre er det ofte spesielt viktig å auke næringsinnhaldet i måltida.

No søker matgledekorpsset å inspirere ved å sette søkelyset på måltidet for eldre si helse og trivsel, i tillegg til å spreie kunnskap om tilberedning av maten slik at den skal stå fram delikat og innbydande.

Prosjektleder Marit Hjortung forklarer at dette handlar om å få med seg alle dei som er i frontlinja som jobbar inn mot dei eldre. Det handlar også om å få med seg alle, ikkje berre dei som viser spesiell interesse.

- Det handlar om å tenke heilskapleg ifrå leiinga i kommunen og ut til dei tilsette. Det er å vektlegge måltidet i dei daglege rutinane i heile organisasjonen, seier Hjortung.